

Styremøte 2 - 2025

man. 28. april 2025, 16:00 - 19:30

Lonavegen 20



Agenda

Sak 8/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Ingen merknader til innkalling og saksliste

Sak 8 - 25 Innkalling til styremøte 2 - 2025.pdf (1 sider)

Sak 9/25 Godkjenning av protokoll

Beslutning

Forslag til vedtak:

1. Det var ingen merknader til protokoll for styremøte 1 - 2025.

Filen er ikke inkludert på grunn av utilstrekkelig tilgang (0 sider)

Sak 10/25 Godkjenning av gebyrrekneskap for 2024

Beslutning

Administrasjonen legg i denne saka fram gebyrrekneskapen for 2024 til godkjenning.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS godkjenner sjølvkostrekneskapen for dei ulike resultateiningane i ØyVAR for 2024 slik desse er vist i vedlegg 1 til saka.
2. Styret i ØyVAR AS godkjenner sjølvkostbalansen i gebyrrekneskapen for perioden 2024 slik han er vist i vedlegg 1 til saka.

Sak 10 - 25 Godkjenning av gebyrrekneskap for 2024.pdf (3 sider)

Sak 10 - 25 Vedlegg 1 Sjølvkostrekneskap og balanse 2024.pdf (1 sider)

Sak 10 - 25 Vedlegg 2_Momentum Etterkalkylenote - ØYVAR 2024 (2025_04_15).pdf (8 sider)

Sak 11/25 Godkjenning av årsrekneskap og styret si årsmelding for 2024

Beslutning

Administrasjonen legg i denne saka fram årsrekneskapen og utkast til styret si årsmelding for 2024 til godkjenning.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS godkjenner årsrekneskapen for 2024, som omfattar resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling, notar og disponering av årsresultatet, slik dette går fram av vedlegg 1 til saka.

2. Styret i ØyVAR AS godkjenner styret si årsmelding for 2024 slik ho ligg ved som vedlegg 2 til saka.
3. Styret i ØyVAR AS ber om at det vert utarbeidd ei eiga årsrapport for selskapet, som skildrar aktiviteten i 2024 i meir detalj. Det er ein føresetnad frå styret si side at årsrapporten skal vere klar i god tid før generalforsamlinga i selskapet.

-  Sak 11 - 25 Godkjenning av årsrekneskap og styret si årsmelding for 2025.pdf (2 sider)
 -  Sak 11 - 25 Vedlegg 1 Årsrekneskap 2024.pdf (19 sider)
 -  Sak 11 - 25 Vedlegg 2 Styret si årsmelding for 2024 (1).pdf (13 sider)
-

Sak 12/25

Status utbyggingsprosjekter

Orientering

I denne saka blir styret orientert om prosjekter som er under prosjektering og bygging.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS tek sak om status utbyggingsprosjekt til orientering, slik den er vist til i saka.

-  Sak 12 - 25 Status utbyggingsprosjekter pt. 31.12.2024.pdf (4 sider)
-

Sak 13/25

Ny vassleidning i Ulvesethvatnet

Beslutning

Administrasjonen legg fram forslag om etablering av ny parallell leidning i Ulvesethvatnet, som eit tiltak for å sikre reservevassforsyning til Kørelen vassverk sitt forsyningsområde. Tiltaket er planlagt samordna med vegutviding i Skogsvågen.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS vedtek å leggje ny vassleidning i Ulvesethvatnet slik det er vist til i saka.

-  Sak 13 - 25 Ny vassleidning Ulvesethvatnet.pdf (2 sider)
-

Sak 14/25

Søknad til FHI om tilskot til teknologiutvikling

Orientering

Styret blir orientert om planlagt pilotstudie for testing av ny reinseteknologi med membranfiltrering, som eit mogleg tiltak for å møte aukande utfordringar med råvasskvaliteten i kommunen.

Forslag til vedtak:

1. Styret i ØyVAR AS tek saka til orientering.

-  Sak 14 - 25 Søknad til FHI om tilskot til teknologiutvikling.pdf (3 sider)
 -  Sak 14 - 25 Vedlegg 1 - Bekreftelse på mottatt søknad for tilskudd til vannbransjen.pdf (1 sider)
-

Sak 15/25

Opningstider for gjenbruksstasjon på Midtstegen og på Straume

Beslutning

Den nye gjenbruksstasjonen på Straume skal etter planen opne kring årsskiftet, og administrasjonen har trong for å ei retning i høve til opningstider slik at ein kan planleggje både bemanning og utarbeide budsjett for 2026.

Forslag til vedtak:

1. **Styret i Øyvar vedtek at den nye gjenbruksstasjonen på Straume skal ha følgjande opningstider::**
 - a. Lågsesong (1. november – 15. mars)
 - Måndag og torsdag kl 13.00 – 20.00
 - Fredag 10.00 – 15.00

- Laurdag 09.30 – 16.00
- b. Høgsesong (16. mars – 31. oktober)
 - Måndag, tysdag og torsdag 13.00 – 20.00
 - Fredag 10.00 – 15.00
 - Laurdag 09.30 – 16.00

2. Styret i Øyvar vedtek at gjenbruksstasjonen på Midtstegen skal ha følgjande opningstider:

- a. Kveldsopent onsdagar frå kl. 13.00 til 20.00
- b. Kveldsopent måndagar frå kl. 13.00 til 20.00 i høgsesong (16. mars -31. oktober)
- c. Kvar laurdag frå kl. 09.30 til 16.00
- d. Stengt i fellesferien frå 2. måndagen i juli og i 3 veker.

3. Administrasjonen får i oppdrag å evaluere besøksmønster og driftskostnader etter eitt driftsår, med tanke på eventuelle justeringar.

 Sak 15 - 25 Opningstider for gjenbruksstasjon i Midtstegen og på Straume.pdf (4 sider)